

---

**Fra:** Aina Haugstad <Aina.Haugstad@hfk.no>  
**Sendt:** torsdag 31. mai 2018 13:08  
**Til:** Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Postmottak Meland  
**Kopi:** Olaf Michal Hella; Kari Sæle; Tord A Lappen Molsumyr  
**Emne:** Ny rapport om ungdom i din kommune  
**Vedlegg:** Radøy, Meland og Lindås.pdf

Til rådmann, sjef for skule- og oppvekstsektoren, folkehelsekoordinator, helsestasjon og andre relevante tenester.

## KORLEIS HAR UNGDOMMANE I HORDALAND DET?

Med utgangspunkt i Ungdataundersøkingane som er gjennomført i fylket vårt dei siste tre åra, har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein rapport som gir eit innblikk i korleis ungdommane i kommunane i Hordaland har det. Denne rapporten vil vere eit kunnskapsgrunnlag for «Program for folkehelsearbeid i kommunane» som no er i startfasen. Funna vil og vere relevante i arbeidet med ny folkehelseoversikt og påfølgande planstrategi. Rapportane er utarbeidd ved Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse.

I rapporten har vi sett nærmare på tema som er relevante for programarbeidet, nemleg psykisk helse og rus. Vi har sett etter samanhengar mellom psykisk helse og faktorar som sosial deltaking, økonomisk bakgrunn, rus m.m. Funna viser at det er økonomiske skilnader mellom ungdom i kommunane når det gjeld trivsel, psykisk helse, deltaking og rusbruk. Det er også skilnad kommunane i mellom. Dette er kanskje ikkje overraskande, ettersom vi kjenner til desse samanhengane nasjonalt og internasjonalt. Men det er nytt at vi får det framstilt så tydeleg på lokalt nivå.

Vedlagt følgjer ein rapport i tre delar: ein for ungdomsskuleelevar i din kommune, ein for ungdomsskuleelevar i fylket og ein for elevar i vidaregåande skule. Sjå også nyheitssaka på våre nettsider: <https://www.hordaland.no/>. Dersom du er nysgjerrig på nabokommunen, finst det også ein samlerapport der alle kommunerapportane er samla. Den finn du på våre nettsider under AUD-rapportar (<https://www.hordaland.no/nn-NO/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/>)

Vi håpar de finn rapportane interessante og nyttige for arbeidet retta mot barn og unge og planlegging i dykkar kommune!

Dersom de har spørsmål til rapporten, eller ønskjer besøk for å få rapporten presentert, kan de ta kontakt med underteikna.

God lesing!

Venleg helsing

**Aina Haugstad**  
Spesialrådgjevar  
Regionalavdelinga | Seksjon for Forsking, Internasjonalisering og Analyse



Tlf: 977 00 413  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

